

Årsmelding 2011

Styret har bestått av:

- Formann: Ragnhild Kvale
- Sekretær: Inger Råheim
- Kasserer: Laila Lundstein
- Vara Hilde Kvaal
- Geir Henning Skaret
- Erland Fremgaard
- Vara Erling Kvaal.
- Revisor: Magne Hokstad
- Valgkomite. Ann Kristin Hermundsplass og Linn Hagen

Styret hadde i 2009 6 styremøter, 2010 8 styremøter og i 2011 4 styremøter, ope møte 06.04

Veger:

- Høring handlingsprogram for fylkesveger 2010 – 2013, skreiv til kommuna.
- Ingen av vegane vart med på prioritert liste frå fylket.
- Skreiv brev til kommuna med vedlegg frå ulike brukergrupper.
- Møte med ordfører angående vegen Reinli – Bagn (Fv 220)
- Haust 10 kjørt på masse, retta opp og asfaltert før Smedsrud
- Utbedring av vegen Reinli – Bagn. Møte på Fagernes
Ragnhild, Erland og fleire frå Reinli møtte opp til idedugnad.
Korleis skal vegen til Reinli få best mulig nytte av overskuddsmassa etter tunellen, E16.
- Forslag: Gå inn ved den gamle drosjeplassen, gå etter Begna, komme inn på eksisterende veg ved Per Smedsrud, rette opp svingane i Bureislia og meir jamn stigning. Breiare veg heile strekningen. Ny breiare bru over Reina. Ein del innkjørsler må forbedrast, dette er ein utfordring noke plassar. Bussholdeplass ved innkjørsla til Melvin og Astrid
- Mail til vegvesen angående gatelys inn i same plan, ta`s med.
- Som jeg skrev i forrige e-post er vi i en svært tidlig planfase. Vi har dermed ikke diskutert om vegen vil bli belyst eller ikke. Hensikten med forprosjektet er å danne beslutningsgrunnlag for om vegen skal utbedres i sammenheng med utbyggingen av E16 mellom Bagn og Bjørgo. Dersom dette blir besluttet, må det lages en reguleringsplan som skal sikre arealer til gjennomføring av prosjektet. I en reguleringsplanprosess vil det bli lagt opp til at berørte grunneiere og brukere vil kunne komme med innspill. Dette vil det bli annonsert i aviser og grunneiere blir varslet i eget brev når slikt planarbeid igangsettes. Når denne prosessen starter, vil det være viktig at dere spiller inn ønsker og behov. Belysning langs vegen vil bli fastlagt gjennom reguleringsplanprosessen. Har dere ønsker om en raskere fremdrift for oppsetting av veglys, ber vi om å bli orientert, slik at de ikke vil komme i konflikt med evt. opprustet veg.

Håper dette var et greit svar.

Med hilsen
Ane Fyksen.

Skula/bhg.

- Møte ang utearealet med kommuna 2010, også til bruk i fritida

- Torhild og Åse har levert referat fra deira arbeid med dei gamle sakene fra skula. Dei har rydda og kasta mykje, det som er att er klart til å stilles ut eller henges opp.
- Ein stor takk til dei for arbeidet som er utført. (sjå rapport)
- Lysbilda digitalisert? Evt pris på dette arbeidet.
- Vi jobber vidare med å finne eit glasskåp eller liknande. Og få til utstillinga
- Folk er litt i villrede om korleis dei skal gå fram for å få tilgang til samfunssalen. Styrar i barnehagen er den som i dag leverer ut nøkler og har oversikt.
- Salskveld av ting vi ikkje skal/vil ta vare på? Vise lysbildene?
- Har kr. 10.000.- som vi kan bruke. Fått fra søsknene Hasles minnefond (Skulekjøkkenet og)
- Utleie av samfunnsdel, kommunale regler på heimesida til kommuna.

Reinli.no:

Har vi arbeida med lenge. Vanskeleg å få bytta web hotell pga personlege underskrifter.

Nytt web hotell og utsjånad. Arbeider med å få eige domene reinli.no

Ledig reklameplass, sjå reinli.no for priser.

Oppretta FB side.

Rune Larheim er redaktør.

Tavla på Bagn:

Manglar fortsatt lys.

Kommuna sponsar straumen der

Plass til fleire bedrifter, kr 1500.- for stor reklame og kr 500.- for ¼ i fire år.

Blekkplatene er ikkje fine lenger.

Gatelys i Reinli:

- Det vart sendt ut "tiggarbrev" for 3 – 4 år sidan. Då kom det inn kr 9600.- som vi har på konto. I trafikksikkerhetstiltaksplanen for Oppland fylke ligg vi på andre plass.
- Overslag frå SAE ca 200.000.- (halvparten må vere dugnadsarbeider)

Brev til kommuna angående vedlikehold kommunale bygg:

Svar: - kommuna arbeider stadig med å få bedre planer for utbedring av dette forsømte behovet. Har sjølv sagt md økonomi å gjere. Planlagt å utføre vedlikehold som ikkje krev store økonomiske midler

- Bhg noko av utvendig kledning skal skiftast ut i løpet av 2012.
- Er planlagt utvendig måling av både bhg og eldreboliger sommer 2012. (let seg ikkje gjere i 2011 pga været)
- Gatelyktene. SAE sitt ansvar. Kommuna purra gjentatte gonger. (blir ordna til våren pga graving ang kabel)

Arrangementkomite

Representant frå grendeutvalget: Ragnhild Kvale.

Representant frå soknerådet: Eivind Fremgaard

Representant frå Reinlingat`n: Solveig Ottosen

Ivrig reinliing: Kari Kollsgård.

- Vi har arrangert 17. mai (kr. 6500.- i overskudd) og juletrefest (kr.200.- i underskudd) med god hjelp frå innbyggerne i Reinli. TUSEN TAKK ☺
- Arbeidsoppgåver blir tildelt navn utan at dei er spurde på forhånd (konklusjon på ope bygdemøte). Passar det ikkje må ein sjølv sørge for andre til å gjere jobben.

Ragnhild Kvale formann Grendeutvalget